

Medlemsinfo juli 2023

MEDLEMSTUR/FAGDAG

På årsmøtet ti SFSG, 2.mars 2019, hadde vi ein presentasjon av «Beite og gjerdeprosjekt i Selje». Eit samarbeid mellom tidlegare Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Selje Sau- og Geit, Kystgeitlaget i Selje, Selje og Stadlandet Bondelag, Stad Sankelag, Selje og Vågsøy Småbrukarlag og Selje kommune. I etterkant av presentasjonen var det fleire som ytra ønskje om ein medlemstur, for å sjå/få meir informasjon om prosjektet, då manglande gjerde er ei stor utfordring for mange beitebrukarar. Av ulike årsaker, mellom anna covid, så har vi ikkje klart å få til medlemstur/fagdag tidlegare. No inviterer SFSG til medlemstur/fagdag laurdag 19. august, for å få meir informasjon om «gjerdeprosjektet».

Invitasjon, med påmelding er sendt i eigen e-post. For dei som ønskjer overnatting, så er det mogleg å tinge rom på Stad Hotell.

TILSKOT TIL LOKALLAG

Styret i SFSG minner om at det i budsjettet for 2023 er sett av kr 100 000,- til aktivitet i lokallaga. Lokallaga kan søkje på førehand på grunnlag av ei plan og eit budsjett for aktiviteten. Lokallaget kan og søkja etter at aktiviteten er gjennomført. I begge høve må det sendast inn ein kort rapport og rekneskap for tiltaket, for at pengane skal verte utbetalt. Styret i SFSG kan løyve opp til 60 % av godkjend kostnad, men ikkje meir enn at eit eventuelt underskot vert dekkja. Det vert ikkje løyvd pengar til gjennomføring av årsmøte og kåring.

Søknadsfristen er 15.08.23

Styret vil handsame alle søknader på styremøte 18. og 19. august.

KURS I KADAVERSØK

SFSG i samarbeid med Sogndal Sau og Geit, fekk avvikla kurs i kadaversøk 16. -18.juni. Dette var eit kurs som skulle vore gjennomført i 2022, men grunna få interesserte, vart kurset utsett til 2023

KÅRING

Informasjon om årets kåringssesong kjem seinare.

HAUSTSAMLING 2023

Haustsamlinga vert 3. og 4.november på Thon Hotel Jølster. Styret tek imot innspel frå lokallaga på aktuelle tema til samlinga.

ÅRSRAPPORT M.M

Det er framleis ein del lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. Her er òg lag som ikkje har fått på plass organisasjonsnummer. **Lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. vil ikkje få refundert sin del av medlemspengane. Lokallag som ikkje har organisasjonsnummer, vil heller ikkje få utbetalt ullpengar.**

Lokallag som ikkje, i løpet av 2023, får sendt inn årsrapport m.m, må på årsmøte i januar 2024 ta stilling til lokallaget si framtid. Legge det ned, slå seg saman med anna lokallag, eller fortsette som eige lag, med dei forpliktelser det medfører i høve NSG sine lagslover.

Treng de hjelp, så ta kontakt.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sogn og Fjordane Sau og Geit



TEAM UNG (Ungdomsråd)

Team ung er eit av dei råd/utval som styret i NSG har oppnemnt. I 2023 har SFSG eit medlem i rådet. Det er Torleiv Straume jr. frå Hyen.

MINSIDE

For NSG sentralt vert, frå juni, alle saklister, styreprotokollar og referat frå sentrale råd (som ikkje vert lagt ut på nettsida) lagt inn på MinSide. Når ein har logga inn på MinSide, finn ein dei under Dokumenter, på høgre side.

NYE TILSKOT GJENNOM RMP

Tilskotet gjeld sauer over eitt år, som beitar minst 5 veker på utmarksbeite, der hovudbeiteområdet for sauen ligg minst 600 meter over havet. Føretaket må vere medlem i eit beitelag for å kunne søkje. Tiltaket er avgrensa til 100 sauer per føretak. Førebels sats er kr 25 per sau.

For ammegeit og kje, gjeld det skjøtselsbeiting av ugjødsla innmarksbeite. Tiltaket gjeld ammegeit, kje bukkar og kasterte bukkar som beitar minst 5 veker på inngjerda/avgrensa innmarksbeite som ikkje vert slått, beitepussa eller gjødsla. Førebels sats er kr 350 pr. dyr.

Ønskjer alle ein god sommar og ein god beitesesong.

Styret.

Postadresse:
Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342
E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694